

Utval: Samferdselsutvalet
Møtestad: Møterom 367, Fylkesutvalsalen, Fylkeshuset
Dato: 22.10.2014
Tidspunkt: 11:00-15.30

Følgjande faste medlemmer møtte:

Navn	Funksjon	Representerer
Øyvind Hardeland	Medlem	A
Gustav Bahus	Leiar	FRP
Inger Signe Ulvund	Medlem	FRP
Einar Lutro	Medlem	H
Stein Inge Ryssdal	Medlem	H
Iril Schau Johansen	Medlem	H
Silja Ekeland Bjørkly	Medlem	H
Pål Kårbø	Medlem	KRF
Jostein Ljones	Medlem	FL SP/MDG
Alf Helge Greaker	Nestleiar	V

Følgjande medlemmer hadde meldt forfall:

Navn	Funksjon	Representerer
Atle Kvåle	Medlem	A
Anne-Line Innvær	Medlem	A
Helge Nævdal	Medlem	A
Eli Årdal Berland	Medlem	H
Tom Skauge	Medlem	SV

Følgjande varamedlemmer møtte:

Navn	Møtte for	Representerer
Sveinung Valle	Anne-Line Innvær	A
Torill Helland	Helge Nævdal	A
Svein Halleraker	Eli Årdal Berland	H
Arild Borgen	Tom Skauge	R

Merknader
Frå administrasjonen møtte:

Navn	Stilling
Håkon Rasmussen	Fylkesdirektør samferdsel
Oddmund Sylta	Direktør Skyss
Olav Finne	Statens vegvesen
Kaisa Banne	Statens vegvesen
Thorbjørn Aarethun	Seksjonsleiar
Rolf Rosenlund	Seksjonsleiar

Sakliste

Utvale-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 88/14	Godkjenning av innkalling og saksliste		
PS 89/14	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 90/14	Referatsaker (Meldingar)		
RS 103/14	Fotgjengerfelt på Fv 179 Steinsvikvegen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/20376	
RS 104/14	Status for arbeidet med å sikra Askøybrua	2014/392	
RS 105/14	Plankonferansen 2014 - program	2014/20899	
RS 106/14	Billettering på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet	2014/20381	
RS 107/14	Belønningsordninga - auka økonomiske rammer i 2014	2014/10571	
RS 108/14	Ferjesambandet Hjellestad-Klokkarvik - ny kontrakt	2014/20308	
RS 109/14	Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik	2014/21103	
RS 110/14	Rutetilbod Hardanger-Voss	2014/21103	
RS 111/14	Avinor - søknad om refusjon av utgifter til gong- og sykkleveg	2014/22166	
RS 112/14	Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 08.10.2014	2014/1017	
RS 113/14	Indikatorar for heilskaplege bymiljøavtaler - svar på oversending	2014/54	
PS 91/14	Søknad til "Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene" for 2015-2018	2014/10571	
PS 92/14	Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer	2014/13048	
PS 93/14	Ymse		

PS 88/14 Godkjenning av innkalling og saksliste**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014****Vedtak**

Innkalling og sakliste vart godkjent. Det vart stilt spørsmål rundt Drop Box. Det vart synt til at systemet var ustabilt og ei evaluering vart etterlyst.

[--- slutt på saksprotokoll ---](#)

PS 89/14 Godkjenning av møtebok forrige møte**Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014****Vedtak**

Møteboka frå møte 17. september 2014 vart godkjent.

[--- slutt på saksprotokoll ---](#)

PS 90/14 Referatsaker (Meldingar)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

M/111 **Sveinung Valle** stilte spørsmål om kva som er status i saka.

Håkon Rasmussen opplyste at dette kravet tidlegare er avvist administrativt. Dersom det ikkje kjem politiske signal om ei anna tilnærming til kravet, så vil ein halda fast på det, og meld det til Avinor.

M 106/ **Svein Halleraker** gav uttrykk av at Fjord1 sin praksis ikkje er smidig nok, og mange har opplevd å ikkje koma med ferja sjølv om ein har vore tidsnok framme til ferjekaien. Ba difor om at saka på nytt vert teke opp med Fjord1 slik at ein kan få endra den uhedige praksisen.

Olav Finne opplyste at dette hadde vore teke opp med Fjord1 fleire gonger, men ville ta det opp på nytt.

[--- slutt på saksprotokoll ---](#)

RS 103/14 Fotgjengerfelt på Fv 179 Steinsvikvegen - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 104/14 Status for arbeidet med å sikra Askøybrua

RS 105/14 Plankonferansen 2014 - program

RS 106/14 Billettering på ferjesambandet Halhjem-Sandvikvåg - Svar på oversendingsforslag i samferdselsutvalet

RS 107/14 Belønningsordninga - auka økonomiske rammer i 2014

RS 108/14 Ferjesambandet Hjellestad-Klokkarvik - ny kontrakt

RS 109/14 Ferjesambandet Kvanndal-Utne-Kinsarvik

RS 110/14 Rutetilbod Hardanger-Voss

RS 111/14 Avinor - søknad om refusjon av utgifter til gong- og sykkleveg

RS 112/14 Oversendingsforslag i samferdselsutvalet i valperioden 2011-2015 - Melding til samferdselsutvalet - A jour 08.10.2014

RS 113/14 Indikatorar for heilsakaplege bymiljøavtaler - svar på oversending

PS 91/14 Søknad til "Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene" for 2015-2018

Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilsakapleg bymiljøavtale i 2015.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om tillegg til punkt 1

«10-punktsprogram for betre luftkvalitet» punkt 1 på side 12 vert endra til:

Miljødifferensierte bompengetakstar saman med eit attraktivt kollektivtransporttilbod.

Inger Ulvund sette fram forslag om tillegg til pkt 1.

«-- etter at alt som omhandlar rushtidsavgift og tidsdifferensierte bompengar er teke ut av søknaden.»

Alf Helge Greaker sette fram oversendingsforslag.

"Landåsruten" er ein av dei overordna sykkeltraséane i vedtatt sykkelstrategi, og denne går gjennom dei sterkt trafikkerte kryssa nord og sør for Haukelandstunnelen. Kryssløysingane for syklistar som nyttar traséen er ikkje optimale, og skiltinga er ikkje eintydig.

Ved rullering av Handlingsprogrammet 2014 - 2017, ber ein om at krysstiltak for syklar (oppmerking, sykkelboksar, skilting o.a) ved Haukeland US, blir innarbeida og prioritert, før heilt nye prosjekter i «Gang og sykkeltiltak» (prioriterte plan- og byggeprosjekter), blir igongsett.

Arild Borgen sette fram forslag til nytt pkt.

«Innføring av landstraum vert lagt inn i handlingsplanen.»

Røysting

Fylkerådmanen sitt forslag til innstilling vart vedteke mot 2 røyster (FRP).

Inger Ulvund sitt forslag til ny innstilling fekk 2 røyster (FRP) og fall.

Stein Inge Ryssdal sitt forslag om tillegg til pkt 1 fekk 5 røyster (H) og fall.

Arild Borgen sitt tilleggsforslag fekk 2 røyster (R, KRF) og fall.

Alf Helge Greaker sitt oversendingsforslag fekk 4 røyster (R, KRF, SP, V) og fall.

Innstilling

1. Fylkesutvalet gir sin tilslutning til vedlagte søknad; «*Søknad 2015-2018: Belønningsordninga for betre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområda*».
2. Fylkesutvalet ber om at fylkesrådmannen startar opp arbeide med å førebu forhandlingar om heilskapleg bymiljøavtale i 2015.

[--- slutt på saksprotokoll ---](#)

PS 92/14 Transportordninga for funksjonshemma - endring av retningslinjer

Forslag til innstilling

Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.

[--- slutt på innstilling ---](#)

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 20.08.2014

Stein Inge Ryssdal sette fram forslag om å utsetja saka, og grunngav det med at den burde sendast på høyring hjå Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og Ungdommens fylkesutval.

Røysting

Forslaget om utsetjing vart samrøystes vedteke.

Innstilling

Saka vert utsett.

[--- slutt på saksprotokoll ---](#)

Saksprotokoll i fylkesutvalet - 28.08.2014

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

Vedtak

Saka vert utsett.

--- slutt på saksprotokoll ---

Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 10.09.2014

Uttale

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne set pris på å få saka lagt føre seg før politisk handsaming i samferdselsutsvalet sidan målgruppa til rådet er store brukarar av ordninga.

Rådet vil igjen nytte moglegheita til å rose administrasjonen for godt gjennomført arbeid, og er særskilt nøgd for at det nå er mogleg å få livsviktig godkjenning, samt at det vert lettare for menneske med psykiske lidningar å nytte seg at ordninga.

Når det er sagt har rådet slike innspel til saka:

Det vert i saka presentert ein maksgrense på brukarar i ein kommune til 3,4% av innbyggjarane. Rådet meiner ordninga bør vere basert på trong, ikkje eit makstak. Dersom det er naudsynt med eit makstak meiner rådet at dette bør vere på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt, da ordninga er fylkeskommunal. I nokre kommunar er det kø for å kome inn i ordninga, mens det i andre kommunar verkar å vere plass, noko som gjerne vert avgjort av demografi og geografi.

Rådet ønskjer derfor å fremje at makstaket vert fjerna, men dersom det er naudsynt med eit makstak ønskjer rådet å fremje at dette gjeld på fylkeskommunalt nivå, ikkje kommunalt.

Når det gjeld satsane i ordninga er ikkje desse endra nemneverdig dei siste åra. Rådet ser på det som naturleg at desse vert auka for å unngå at ordninga i prinsipp vert innskrenka.

Rådet ønskjer derfor å fremje at satsane vert indeksregulert.

Rådet er elles veldig nøgd med arbeidet som er gjort og ser fram imot til at endringane trer i kraft.

--- slutt på saksprotokoll ---

Saksprotokoll i Ungdommens fylkesutval - 17.09.2014

Vedtak

Ungdommens fylkesutval vedtek å stille seg bak rådet for menneske med nedsett funksjonsevne si uttale i PS 72/14 Transportordninga for funksjonshemma – endring av retningslinjer.

--- slutt på saksprotokoll ---

Saksprotokoll i Fylkeseldrerådet i Hordaland - 18.09.2014

Vedtak

Fylkeseldrerådet vedtek å støtte uttala til rådet for menneske med nedsett funksjonsevne frå møtet 10.09.2014, med slikt tillegg:

Fylkeseldrerådet reagerer på at satsane for fritidsreiser ved 67 års alder vert differensiert. Fylkeseldrerådet meiner dette er aldersdiskriminerande og vil foreslå at aldersgrensa fell bort.

--- slutt på saksprotokoll ---

Saksprotokoll i Samferdselsutsvalet - 22.10.2014

Inger Ulvund sette på vegne av FRP, H, V fram forslag til nytt pkt.

«Talet på godkjente TT-brukarar er sett til maksimalt 3,4% av folketalet i fylket.»

Røysting

Fylkesrådmannen sitt forslag til innstilling varr samrøystes vedteke.

Inger Ulvund sitt forslag til nytt pkt vart samrøystes vedteke.

Innstilling

1. Fylkesutvalet godkjenner forslag til nye retningslinjene for TT-ordninga i Hordaland, datert 23. mai 2014.
2. Talet på godkjente TT-brukarar er sett til maksimalt 3,4% av folketalet i fylket.

--- slutt på saksprotokoll ---

PS 93/14 Ymse

Saksprotokoll i Samferdselsutvalet - 22.10.2014

ORIENTERINGAR

Orientering om utgreiingsarbeid og status for aust-vest sambanda.

Kjell Kvåle om Statens vegvesen si aust-vest utgreiinga.

Børge Skårdal frå E134 Haukelivegen AS.

Knut Arne Gurigard frå IS Rv7.

Knut Eltun frå Stamvegutvalet E16.

Presentasjonane vart etterfylgt av spørsmål og synspunkt frå utvalet.

Biogasshybridbuss

Utvalet var med på prøvetur med den nye 24 m biogasshybridbussen som fylkeskommunen v/Skyss har kjøpt inn med støtte frå Transnova.

Ymse

Alf Helge Greaker sette fram fylgjande oversending

For to år sida omtala BergensAvisen (17.09.2013) kva bussliner det var mest klager på og kva det vart klaga på. Samferdselsutvalet ber om at desse tala for i år blir med i Kollektivmeldinga for 2014.

Alf Helge Greaker stilte fylgjande spørsmål:

I Fanaposten 15.10.2014 er det omtale av forprosjektet for Ringvei Øst. Vegvesenet uttalar at innslaget vil vere i Fjøsangerområdet. I fylkesutvalet si høyringssak 25/2014 var det eine punktet:

"Fylkesutvalet meiner at ein tunnell mellom Arna med påkobling på eksisterande E39 på strekninga Fjøsanger - Hop, og med eventuell påkobling Ringvei Vest, kan bli eit viktig element i eit ringvegsystem rundt Bergen sentrum. Dette kan avlasta Bergen sentrum for gjennomgangstrafikk både frå aksen nord/sør og frå aksen aust/vest."

Kva alternativ for tunnelliinnslag arbeider Vegvesenet med? Er det eitt, eller fleire, av dei som var skissert i saksframlegget i SAMU sak 22/14?

Olav Finne orienterte:

Vi kjenner ikkje til oppslaget i Fanaposten, men vil uavhengig av det forhåpentleg kunne gi eit godt svar omkring Ringveg øst.

Status er at det i samråd/samarbeid med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune vert gjennomført eit forprosjekt for Ringveg øst. Prosjektet er under oppstart og er venta ferdig hausten 2015.

Forprosjektet vert samordna med ei utgreiing om E39
Vågsbotn-Nordhordlandsbrua, bestilt av Bergen kommune gjennom bystyrevedtak 18.juni 2014 (sak 165-14)

På dette stadiet er det ikkje slik at prosjektideen Ringveg øst handlar om å "finne tunnelpåhogg" slik ein kan få inntrykk av gjennom media og ulike

politiske utspel. Forprosjektet må avklare ei rekke grunnleggjande spørsmål før vidare handsaming i formell planprosess. For å gi eit meir konkret innsyn i kva dette går ut på, kan vi her referere eit utdrag frå konkurransegrunnlaget for konsulentkjøp:

Med bakgrunn i KVU/KS1-prosessen for transportsystemet i Bergensområdet vil Statens vegvesen i samarbeid med Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune gjennomføre et forprosjekt for Ringveg øst. Forprosjektet skal danne grunnlag for eventuell senere formell planprosess med planprogram/kommunedelplan (KDP) etter Plan- og bygningsloven. Utgangspunktet for prosjektidéen er å lede gjennomgangstrafikk utenom og øst for Bergensdalen/Nygårdstangen for å redusere miljøbelastningen av biltrafikk sentralt i Bergen. En slik ringveg tenkes også som omkjøringsveg når Fløyfjellstunnelen er stengt. Eventuell kobling mot Ringveg vest og øvrig overordnet vegnett i Bergen må også vurderes i dette prosjektet. I hovedtrekk må delprosjektet dokumentere dagens situasjon, presisere mål/effektmål - hva ønskes oppnådd?, og drøfte og avklare forutsetninger og standardkrav. En må videre finne realistiske alternativer og virkemidler, analysere og vise trafikale effekter, areal- og miljøeffekter og konfliktpotensial for disse. Det skal foreslås siling av alternativer/virkemidler som er aktuelle å videreføre til formell planprosess. Tiltak/virkemidler og effekter må vurderes opp mot føringer i Nasjonal transportplan om at transportveksten i byene skal håndteres med miljøvennlige transportformer (gange/sykkel/kollektiv). Mål om nullvekst i biltrafikken vil også være sentralt i arbeidet med kommende bymiljøavtale for Bergen. Foreløpige analyser tyder på at effekten av å kun bygge et nyt vegtak vil være svært begrenset dersom dette ikke samtidig kombineres med andre og restriktive virkemidler. Dette må forprosjektet avklare nærmere. Det må også ses på om mål/effektmål kan oppnås med alternativer som ikke innebærer større nye vegtak.

Delprosjektene krever bred kompetanse der hele transportsystemet, virkemiddelbruk og regelverk må ses i sammenheng. Selv om dette ikke primært er en «tegneoppgave» for alternative veglinjer/tunneler, vil det også være behov for mer detaljerte avklaringer og studier/ tegninger. Dette gjelder særlig kritiske områder som kryss og tunnelpåhugg der det er arealknapphet, høyt konfliktpotensial, og utfordringer ift. sikkerhetskrav i vegnormalen. For begge delprosjekter forutsettes at arbeidet med alternativsøk /-utvikling, vurdering av konfliktpotensial, og analyse av effekter legges opp slik at vi får fram realistiske alternativer. Med det menes et tilstrekkelig detaljeringsnivå der det er dokumentert og sannsynliggjort at forslag til videreførte alternativ er gjennomførbare, og helt eller delvis gir oppfylling av målene som settes. Om alternativ/virkemidler krever fravik fra vegnormal eller har andre særskilte utfordringer må dette dokumenteres. Dette gjelder f.eks. krav i forhold til kryss og tunnel (håndbok N100/N500). Full konsekvensutredning (KU) av alternativer vil først være aktuelt i senere formell planprosess. Det viktigste i delprosjektene er derfor på et overordnet nivå å beregne prissatte konsekvenser med Effekt6, og å kartlegge og vurdere konfliktpotensial for alle relevante ikke-prissatte tema.

Pål Kårbø og Gustav Bahus stilte fylgjande spørsmål

Ber om at det vert gjort ei vurdering om busstoppet ved «Gamle Bergen» bør annonserast som Gamle Bergen istadenfor Nyhavnsvegen

Kort grunngjeving frå den som ba meg ta dette opp:

Som busspassasjer har jeg registrert at busstoppet annonseres som Nyhavnsveien. Andre steder langs rute 4 brukes det andre typer navn, f eks Ludebryggen, NHH, Ikea, Gullgruven, Industribygget, Gamle Bergen er en viktig attraksjon i Bergen, og da synes jeg det er synd at busstoppet ikke markerer dette. Det burde være et naturlig ledd i markedsføringen av stedet og bidra til å holde oppe interessen også for den vanlige busspassasjen.

Vanlige busspassasjerer som skal til Nyhavnsveien, vet hvor Nyhavnsveien er. Det er overveiende sannsynlig at de bor i området. For turister og andre besøkende til Gamle Bergen er det forvirrende at ikke Gamle Bergen annonseres på bussen. De er henvist til hyggelige medpassasjerer som tar ansvar og gjør søkerne passasjerer oppmerksomme på at her er Gamle Bergen.

Det har hendt at besøkende til Gamle Bergen har blitt stående på bussen inntil de ser skiltet ute på busstoppen. Da er det gjerne for sent å komme seg av, bussen svinger tross alt ut på en meget travl motorvei. Slik det er nå, må turister og andre følge godt med for ikke å reise for langt. Kommer de seg ikke av på det rette stoppet, må de vandre langs motorveien tilbake. Bare de færreste har kjennskap til Mollbakken mv. I verste fall kan publikum som hadde tenkt seg til Gamle Bergen, bli med på en uønsket tur til Åsane.

Jeg vet ikke hvor mange besøkende som tar rutebuss til Gamle Bergen. Det har vi ikke statistikk på, men ut fra mine observasjoner kan vi nok snakke om minst 3 - 4 tusen i løpet av sesongen.

Jeg synes også det er et viktig argument at utbyggerne i Nyhavn i annonser, har referert til at de ligger like ved Gamle Bergen. Det tyder klart på at det er Gamle Bergen som bør annonseres som busstoppets navn.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Øyvind Hardeland stilte fylgjande spørsmål

Det har i lang tid blitt jobba for å få erstatta dei to kommunale ferjekaiane på Borgundøy og Fjelbergøy med bru mellom øyane og kabelferje over til Sydnes på Halsnøy. Fylkeskommunen har fått godkjent plan for prosjektet, men dessverre ser det ut til at det vil gå lang tid før dette blir realisert. Det betyr at ein enno i mange år må nytte dei to eksisterande kommunale ferjekaiane. For ein god del år sidan fikk Kvinnherad kommune utarbeidd ein fagrappor som konkluderte med at spesielt ferjekaia på Borgundøy kunne bli øydelagt av utvasking dersom det vart sett inn ferje med baugpropell. Til tross for dette har fylkeskommunen sett inn slik ferje, og resultatet vart utvasking og dermed ei kommunal investering på over 10,0 mill. kroner i 2013. Fylkeskommunen har vist nok som prinsipp at ein ikkje betaler for reparasjon av kaier som ein ikkje eig, og sjølv om det er heva over all tvil kva som er årsaka har fylkesadministrasjonen difor sagt nei til å dekke deler av kostnaden.

Når fylkeskommunen har fått utarbeidt og godkjent plan som slår fast at sambandet mellom dei to øyane og omverda er eit fylkeskommunalt ansvar, bør ikkje fylkeskommunen då tilby seg å overta dei to kommunale ferjekaiane? Om dette ikkje let seg gjere, bør ein ikkje då i det minste overta vedlikehaldet av kaiane inntil Fjelbergsambandet blir realisert?

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Jostein Ljones gav uttrykk for bekymring for at toalettbygget på Mundheim ikkje vert bygt pga at det ikkje er klart kven som skal ha ansvar for drift av bygget.

Administrasjonen kjem attende med skriftleg svar.

Silja Ekeland Bjørkly syntet til at personar som har meldt seg på Skyss sin innfartsparkeringkampanje har fått tilbakemelding om at dei ikkje har fått plass. Stilte spørsmål om kvifor ein fekk denne tilbakemeldinga frå Skyss samstundes som ein registrerer at det er ledig plass på innfartsparkeringsplassane.

Oddmund Sylta opplyste om at 3700 hadde søkt om oblat, og at det var ikkje høve til å gje gratis oblat til alle som ynskte det pga kapasiteten på innfartsparkeringsplassane.

Silja Ekeland Bjørkly tok opp spørsmålet om snikprosenten på bussane/bybana. Den oppgjevne 2% snikandel skal ikkje omfatta feil på billettutstyret. Kor mykje bortfall skuldast feil på utstyret?

Oddmund Sylta orienterte om korleis ein gjennomfører kontrollverksemnda. Det er ingen ting som tyder på at det er stort inntektsbortfall pga feil på systemet.

Innfartsparkering

Håkon Rasmussen opplyste om at innfartsparkeringstrategien skal leggjast fram på neste møte i utvalet.

Gustav Bahus orienterte om arbeidet i underutvalet for innfartsparkering, og peika på at det var dårleg oppmøte av medlemmane i gruppa. Det medfører at strategien slik den no føreligg er dårleg forankra politisk.

Trafikksikringskonferansen 2014

Invitasjon til den årlege trafikksikringskonferansen for kommunane i Hordaland vart delt ut. Konferansen vert arrangert den 26. november og medlemmane i utvalet vert påmelde.

-- slutt på saksprotokoll --